

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.10.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Ved handsaming av reguleringsplan i 2007 fremja Riksantikvaren motsegn til dåverande plan for Timberdalen 135 bnr 9 og 16 m fl. Valestrandsfossen i Osterøy kommune. Grunnlaget for motsegna frå 2007 er ikkje løyst i noverande planframlegg. Planframlegget manglar omsynssone rundt garveri- og naustmiljø og er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til dette punktet.
2. Område ved Nausthaugen er lagt inn som BKB09 med føremål kombinert byggje- og anleggsføremål. Dette er ikkje i samsvar med dei omsyna som Riksantikvaren har sagt skal takast i og ved garveriverksemda, jf vedtak frå 2007. Planen er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. Kulturmiljøet omkring Bullæigedommen har nasjonal kulturminneverdi og må sikrast med ei tilstrekkeleg stor omsynssone kring eigedommen. I planframlegget ligg areal BKB05 slik til at tiltak kan redusera dei kulturminneverdiane som omsynssona skal ta i vare. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. Motsegna kan trekkast dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader, jf punkt 1, 2 og 3 ovanfor.
5. Kultur- og ressursutvalet rår til at Osterøy kommune tek omsyn til dei andre merknadene som er knytt til planforslaget.